

Til Arbeids- og velferdsdirektoratet

Vi ser at reduserte stønadssatsar for store barnefamiljar er tema i fleire kommunar. Truleg bur dei fleste innbyggjarane i Vestland i kommunar som har vedtatt eller har planar om reduserte stønadssatsar for store barnefamiljar.

Avklaringar frå direktoratet

Direktoratet har i rundskriv 35 skrive konkret og utfyllande om mange problemstillingar, men de har ikkje skrive noko om reduserte satsar eller bortfall av barnetillegg for barn nummer fire og utover. I og med den merksemd og det omfang denne problemstillinga har, meiner vi det er føremålstenleg om direktoratet kan gje skriftleg rettleiing når det gjeld reduserte stønadssatsar for store barnefamiljar. Sjølv om ei «konkret og individuell vurdering» alltid er utgangspunktet når det gjeld stønad etter sosialtenestelova, så er det som nemnd føremålstenleg om direktoratet kan gje generelle avklaringar om reduserte stønadssatsar for store barnefamiljar.

Manglar oversikt

Etter det vi kan sjå manglar statlege instansar oversikt over kva kommunar som har retningsliner om reduksjon eller bortfall av tilleggsstønad for barn i store barnefamiljar, og over kva endring av praksis som har funne stad i desse kommunane. Dette gjeld både Fylkesmannen, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Kostra/Statistisk sentralbyrå.

Statistisk sentralbyrå ber ikkje kommunane rapportere om reduserte barnetilleggssatsar i Kostra, så Kostra gir ikkje oversikt over kva kommunar som reduserer barnetilleggssatsane etter barn nummer tre (eller etter barn nummer fire). Dette sjølv om kommunane i Kostra informerer om så pass detaljerte forhold som om barnetrygd, barns inntekter og kontantstøtte vert halden utanfor ved utmåling av stønad. Når Statistisk sentralbyrå kartlegg barnetilleggssatsane for barn i forskjellige alderskategoriar, så er det ikkje tatt høgde for at det kan være forskjellig sats for barn nummer 1 og barn nummer 4 i familien, i tillegg til aldersdifferensieringa. Kostra-registreringa blir derfor i beste fall usikker, og i nokre tilfelle direkte feil.

Vårt spørsmål er om fylkesmennene bør vite om praksis i kommunane når det gjeld stønadssatsar for barn i storfamiljar, noko meir enn det vi kan sjå i dei få klagesakene der dette er tema, og noko meir enn det vi tilfeldigvis kan lese i aviser og på nett.

Statlege rettleiande satsar

Arbeids- og sosialdepartementet har ikkje skrive noko om reduserte barnetilleggssatsar i [rundskriv A-1/18](#). Dei statlege rettleiande satsane gjeld difor også for barn nummer fire og fem i storfamiljar. Vi kan ikkje sjå at departementet har skrive om barnetilleggssatsane gjeld for alle barna i familien, sjølv om det ved einskilde høve er kommentert at storfamiljar ikkje bør få meir i kommunal sosialstønad enn det foreldra kan forvente å få i lønsinntekt. Det heller ikkje skrive noko om korleis dette spørsmålet relaterer seg til arbeidslina.

Stordriftsfordelar

Det kan vere rimeleg å ha som normativt utgangspunkt at det ligg føre ein viss stordriftsfordel ved fleire barn i ein og same familie.

Kommunane må kunne fastsetje kor stor denne fordelten er, men jo meir dei kuttar, jo større krav må vi stille til at stordriftsfordelen vert sannsynleggjort. Nav må uansett ta omsyn til det enkelte barn sitt behov, med utgangspunkt i at kvart enkelt barn til dømes må kunne delta i fritidsaktivitetar, at barn har forskjellig klesbehov m.v. Det kan vere vanskeleg å akseptere at kommunar kuttar tilleggsstønaden heilt for til dømes barn nummer fire og utover, fordi samla beløp til sosialstønad vert høgt. Eit kvart barn har behov som kostar, slik at stordriftsfordelen vil aldri kunne vere 100 prosent.

På dagsorden

Vi kan stille spørsmål ved praksisen med reduserte satsar eller bortfall av barnetillegg for barn nummer fire og utover. Rettleiande sosialhjelpssatsar bidreg til likebehandling, samtidig som sosialtenestelova føreset at Nav i kvart enkelt tilfelle skal gjere individuelle vurderingar. For dei behov som er nødvendig for livsopphaldet er vel røynda ved Nav-kontora at likebehandlingsprinsippet trumfar dei individuelle vurderingane for alle stønadsgrupper, også barnefamiliar.

Nav skal kartleggje individuelle behov og gjere individuelle vurderingar, men i praksis landar Nav som oftast på kommunens rettleiande satsar. Ein slik praksis kan vere problematisk når kommunens rettleiande sats tilseier null kroner for barn nummer fire og barn nummer fem. Etter som praksisen med reduserte stønadssatsar for store barnefamiliar breier om seg, ber vi Arbeids- og velferdsdirektoratet setje praksisen på dagsorden, og gjerne rettleie Nav-kontor og fylkesmenn om korleis vi skal handtere ein slik praksis i samsvar med sosialtenestelova generelt og føremålsparagrafen spesielt.

Det er fint om de merkar ei tilbakemelding med vårt referansenummer 2019/11567.

Med venleg helsing
Tor G. Turøy
seniorrådgjevar
Fylkesmannen i Vestland
Barnevern, helse og sosial